



Familien: Her feira Ingvild, Taha og deira tre barn Joli, helme i Kviteseid. (Alle foto privat)

**«Eg ser at hjelpa
frå oss kjem til barn som
verkeleg treng ho»**

Ingvild Kilen Rørholt



Poliovakse: Ingvild vaksinerer eit barn i Sudan
mot polio i 2010.



På jobb: Ingvild diskuterer
med sudanske kolleger i Røde
halvmåne (Røde kors).



På båttur: Med vener i Sudan.

Frå Kviteseid til Sudan for å hjelpe

Ingvild Kilen Rørholt (33) frå Kviteseid brenn litt ekstra for å gjera livet til barna i Sudan betre. Ho har alt vore med å opprette eitt senter for gatebarn – no skal ho opprette endå eitt.

VTB Line Omland Ellevstjønn
line@vtb.no

– Eg ser at hjelpa frå oss kjem til barn som verkeleg treng ho, seier Ingvild Kilen Rørholt (33).

Etter å ha feira jol helme hjå foreldra sine på Møsasida i Kviteseid reiste Ingvild, mannen hennar Taha Hussein Ahmad (37) og deira tre barn til Sudan. Ingvild og Taha blei kjent då dei for fleire år sidan jobba for Røde Kors og Røde Halvmåne i det nord-afrikanske landet, og i 2010 gifta dei seg der nede. Sidan den gong har dei budd i Noreg. Taha arbeider til vanleg med integrering av flyktninger i Oslo kommune. Nå blir dei i Sudan i eit heilt år.

«Den største utfordringa blir å få til litt frå barna.»

Taha Hussein Ahmad

I løpet av året som kjem håpar dei å kunne starte eit senter for gatebarna i byen Kassala aust i Sudan, som er Taha sin helmby. Ein trygg stad der barn og unge kan få vaksenkontakt, mat, hjelp til kleivask og høve til å gå på skulen eller få yrkesopplæring.

– Den største utfordringa blir å få til litt frå barna. Mange av dei har negative erfaringar med vaksine, så kvifor skal dei stole på oss? Aller mest sårbarane er dei barna som både jobbar og bur på gata, fordi dei ikkje har slekt eller vener dei kan sove hjá. Dei kan ha opplevd misbruk, og mange av dei rasar seg på lilm eller alkohol, seier Taha.

Sel plastposar i staden for å gå på skulen

I Sudan er det ein nokså stor middelklassse, men det er likevel mange som er fattige. Dette er mellom anna

som følge av konfliktar både internt og med nabolandene. For dei aller fattigaste familiene er det vanskeleg å skaffe nok pengar til at barna kan gå på skulen.

– I Sudan er det ikkje skuleplikt eller statlege velferdssordningane som sikrar alle barn like moglegheit til utdanning. Resultatet er at mange barn sel småting på gata for å skaffe pengar til mat, i staden for å gå på skulen, seier Ingvild.

– Går du for å handle eit brød på bakeriet, kjen det gjerne ti små barn til å selje deg ein plastpose. Andre sel vatn langs bilvegen, eller grønsaker på marknaden, legg Taha til.

500 barn og unge innom kvar månad

– Eg fekk augo opp for gatebarna då eg jobba i byen Port Sudan i 2010. Eg såg også alle dei lokale frivillige som ønskte å hjelpe dei, men ikkje hadde dei økonometiske ressursane til å klare det, fortel Ingvild.

Eitt år seinare var Ingvild og Taha med å opprette organisasjonen «Fra tiggig til trygghet» heime i Noreg, som hjelper systerorganisasjonen «Nida'a al-Hayat» (arabisk, som kan omsetjast til «life appeal») på engelsk og «livets anke» på norsk) med å hjelpe desse barna til eit betre liv. No i 2017 er senteret i Port Sudan i ferd med å stå på eigne belm økonomisk og organisatorisk, og har funne fleire lokale donatorar.

– Me er stolte av det me har fått utretta så langt.

Då me starta hadde barna på gata i Port Sudan ingen tilbod. I 2016 hadde senteret nesten 500 barn og unge innom kvar månad. Nokon er kanskje innom éin gong i månaden for å vaske kleide og andre praktiske ting, medan andre er der kvar einaste dag, ikkje minst har me fått sendt 39 barn på skule i 2016, noko som både held dei boite frå gata no, og gav dei moglegheit til å få ei betre framtid, seier Taha.

Merksemrd som gjør forskjell

I januar gjekk altså turen til Kassala, som er Tahas helmby, og ligg på grensa mot Eritrea. På grunn av den humanitære situasjonen i Eritrea er det mange flyktningar i denne delen av landet. Det betyr også at det er mange humanitære organisasjoner i området.

– Et utfordring er at verken me, andre organisasjoner eller sosialmyndighetene har full oversikt over kor mange barn som treng hjelpe. Første oppgåve er derfor å kartlegge omfanget av problemet. Me må også finne eigna lokale for senteret, og bygge nettverk med de lokale organisasjonane i byen, forklarar Taha.

– På kort sikt er målet å lage eit dagcenter for å gi eit tilbod til barna på gata. Ein stad dei kan kville og få seg mat – ein trygg stad. På lengre sikt er målet å få avtalar med skular og få sponsorar slik at barna kan gå på skulen, slik me har fått til i Port Sudan, seier Ingvild.

Stymedelar og fadilar helme i Noreg informerer om prosjekta, engasjerer skuler og samlar inn pengar. Rapportar og blogginnlegg blir sendt tilbake til Noreg.

– Me gler oss veldig til å introdusere barna våre for familie, språk, kultur og alt det fantastiske Sudan har å tilby. Og me gler oss til å gjøre ein forskjell for barna som bur på gata, seier Ingvild.

Taha vil understreke at det er like viktig å hjelpe dei som har det vanskeleg men som ein sjeldan ser på nyhetene. Og gatebarna i Sudan er i den kategorien.

– Del som ikkje er på flukt frå krig, eller blir utsatt for tørke eller katastrofar – det ser ein sjeldan på nyhetene. Men det er desto viktigare å gjie dei vår merksemd, slik at det ikkje blir eit skjult problem. Bidrag frå Noreg, saman med lokale organisasjoner, ser me at når fram til dei barna som brukar senteret og folk som treng det.